




NVS RAPPORT 11/2013

*GPS-merkeprosjektet på
Hardangervidda og i Nordfjella:*
ÅRSMELDING 2012

Lena Romtveit



Romtveit, L. 2013. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2012. NVS RAPPORT 11/2013 17s.

Forsidefoto: © Olav Strand

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 16.01.13

ISSN: 1891-5329

Føreord

Den fjerde årsmeldinga for GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella oppsummerar prosjektaktivitet og status for prosjektet i 2012. Då NVS er sekretariat er årsmeldinga skriven som ein rapport i Norsk Villreinsenters (NVS) rapportserie. Andre rapportar som tar for seg analyser og resultat frå prosjektet er referert og opplista i denne rapporten.

Sekretariatet vil på vegne av prosjektleiinga takke alle deltakarar i prosjektet for samarbeidet i året som har gått.

Skinnarbu 16.01.13

Lena Romtveit

Innhold

FØREORD	4
INNHALD.....	5
SAMANDRAG.....	6
INNLEIING	7
PROSJEKTAKTIVITET I 2012	8
Administrasjon og møteverksemd	8
Fagleg aktivitet.....	9
Bemanning	10
Radiomerking og datainnsamling i 2012.....	10
Publikasjons- og formidlingsplan.....	11
ØKONOMI.....	13
Oversyn inntekter 2012	13
Oversyn utgifter 2012	13
Oppsummering:.....	14
PROSJEKTAKTIVITET I 2013	14
Merking vinteren 2012-2013	15
REFERANSAR	16

Samandrag

I 2012 har det vore mykje fokus på planlegging av publisering og formidling i dette prosjektet. Styringsgruppa har jobba seg gjennom tema, og når me no går inn i det siste driftsåret i FoU-delen i GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella, er mykje av kursen klar for korleis ein sluttrapport frå prosjektet vil bli sjåande ut og korleis resultatata frå denne vil bli formidla. Det totale resultatet av dette ser ut til å bli eit samarbeid mellom alle aktørane i prosjektet; både den faglege leiinga, sekretariatet og heile styringsgruppa, som vil sikre at kunnskapen blir tatt aktivt i bruk. I arbeidet med dei Regionale planprosessane, er det Nordfjella som har stått i fokus i 2012. I arbeidet med planutkast har NINA Rapport 634, om villreinen i Nordfjella, vore ein særleg viktig del av kunnskapsgrunnlaget. Spesielt for 2012 har vore at ein, i samarbeid med Agder Energi, har intensivert datainnsamlinga når dyra har vore innafør gitte soner i nærleiken av Sønstevatn. Der er det no sett i gang arbeid på dammen. Men særleg å merke seg er nok at ein i 2012 har hatt 3 GPS-merka simler gåande på Hardangervidda med kamera integrert i sendarane.

Økonomisk har prosjektet hatt faste og årlege bidrag frå Vegvesenet, men elles varierende inntekt frå andre bidragsytarar. I 2012 kom det inn totalt litt over 1 mill, og prosjektet tek med seg ca kr 530.000,- av desse over i 2013. Mykje av midlane i prosjektet er gått med til merking i 2012. I jakta blei minst 4 av dei GPS-merka simlene på Hardangervidda skotne. Dette medfører naturleg nok ein auka kostnad for merking i 2013. Det blei òg merka fleire dyr med VHF-sendarar etter eiga løyving frå Hardangervidda villreinutval.

I 2012 er det halde to ordinære styringsgruppemøte. Det blei ikkje halde noko fellesmøte med Setesdalsprosjektet i 2012, då dette prosjektet blei formelt avslutta ved årsskiftet 2010/2011 og har vore i startgropa for nytt prosjekt i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane (SVR). Ein vil truleg ta opp at tråden med fellesmøte, så snart styringsgruppa i det nye merkeprosjektet i SVR er konstituert og status i prosjektet tilseier det.

NINA og Olav Strand har styrt prosjektet. Leiar i styringsgruppa har vore Olav H. Opedal frå Hardangervidda Villreinnemnd. Norsk Villreinsenter Sør, som overtok sekretariatet for prosjektet frå og med 1.juni 2009, har hatt denne oppgåva òg i 2012. Det er Lena Romtveit og Anders Mossing som har ansvar for dette arbeidet.

Innleiing

GPS-merkeprosjektet på villrein, på Hardangervidda og i Nordfjella, kom i gang i 2007. På Hardangervidda var det i praksis ei vidareføring av overvåkingsprosjektet av villrein i forbindelse med Rv7 som starta i 2001 (Strand m fl. 2005). Etter sluttrapporteringa av Rv7 prosjektet i 2006, var det semje om å halde fram med denne overvakinga. Ein såg og rom for å seta søkeljos på fleire problemstillingar med dei same datasetta. Samstundes blei det starta opp eit tilsvarande prosjekt i Setesdalsheiane med brei deltaking frå både forvaltning og næringsliv (sjå eiga årsmelding, samt NINA Rapport 694. *Villreinens bruk av Setesdalsheiane*). I tillegg såg ein òg tilsvarande problemstillingar i Nordfjella og areala nord for Rv7, med utvekslingsområda mellom Hardangervidda og Nordfjella. I Nordfjella var det særleg ynskjeleg å fokusere på områda kring Bergensbanen, områda kring Finse, turistløyper og -hytter og Rv50, samt kraftmagasina i området. At det er både like og ulike problemstillingar og fokusområde i kvart prosjekt, gjev høve til å køyre parallelle analyser med overføringsverdi til kvar av dei andre områda. Ut frå dette blei det bestemt at ein skulle koordinere alle desse prosjekta, og samarbeidet fekk dermed namnet "Villreinprosjekta i Langfjella". For Hardangervidda og Nordfjella blei det i 2007 sett ned eit interimstyre som jobba med eit forprosjekt. Det blei vedteke å ha ei felles styringsgruppe for desse to områda i 2008. Gruppa blei konstituert på nyåret 2009 (tabell 1). Olav H. Opedal, som òg er leiar i villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, blei vald til leiar i styringsgruppa. NINA, ved Olav Strand m. fl., stend for forskingsarbeidet og den faglege leiinga. Sekretærfunksjonen låg frå starten av hjå Svein Erik Lund hjå Hardangervidda Villreinutval, fram til Norsk Villreinsenter Sør (NVS) overtok 01.juni 2009.

Tabell 1: Oversyn over bidragsytarar og medlemmer i styringsgruppa i Hardangervidda/Nordfjella prosjektet i perioden 2008-2013.

Styringsgruppemedlemmer og bidragsytarar	Andre bidragsytarar
Hardangervidda Villreinnemnd (v/Olav H. Opedal)	Fylkesmannen i Telemark
Statens Vegvesen Vegdirektoratet (v/Pål Rosland)	Vinje Kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (v/Hermund Mjelstad)	Ullensvang Herad
Fylkesmannen i Buskerud (v/Even Knutsen)	Aurland Kommune
Buskerud Fylkeskommune (v/Ellen Korvald)	Lærdal Kommune
Hordaland Fylkeskommune (v/Tord Bakke)	Hol Kommune
	Statkraft Energi

Statens Naturoppsyn (v/Knut Nylend)	Eidfjord Kommune
NVE (v/Jan Henning L`Abèe-Lund)	Hemsedal kommune
Tinn Kommune (v/Bjørn Bjørnsen)	Telemark Fylkeskommune
Ulvik Herad (v/Lars Præstiin)	
Ål Kommune (v/Ivar Magne Brevik)	
Nore og Uvdal Kommune (v/Svein Erik Lund)	
Villreinnemnda Nordfjella og Fjellheimen (v/Siri Wølneberg Bøthun) (bidragsytar via FM i Sogn og Fjordane)	
Hardangervidda Villreinutval (v/Ragnar Ystanes)	
Nordfjella Villreinutval (v/Lars Nesse)	
DNT (v/Kjartan Askim) (ikkje bidragsytar)	

Prosjektaktivitet i 2012

Administrasjon og møteverksemd

I 2012 er det halde to styringsgruppemøte; den 23. mars og den 6. november. Møtet i mars blei lagt til Highland hotell på Geilo, i samband med fellesmøte for villreinforvaltinga på Hardangervidda. På møtet blei det gjeve orientering om status merking og økonomi. Olav tok ein gjennomgang av NINA Rapport 634 om villreinen i Nordfjella (Strand m fl. 2011a), resultatata frå Setesdalsprosjektet (Strand m fl. 2011b), samt vidareføring og samarbeid og status analyser. Til slutt hadde gruppa ein diskusjon om drifts- og overvåkingsregimet på Rv7. Møtet 6.november blei òg lagt til Highland hotell på Geilo. På dette møtet blei det fyrst gitt ei fagleg orientering, mellom anna om den intensiverte overvakinga av villreinen når den oppheld seg i området rundt Sønstevatn, som fylgje av revisjonsarbeidet på dammen der. Deretter hadde Anders Mossing eit innlegg der han orienterte om NVS rolle og arbeid, samt korleis NVS kan bidra inn i formidlinga av resultatata frå prosjektet. Dette var ei innleiing til neste bolck, der NVS sine representantar køyrde styringsgruppa gjennom eit gruppearbeid, som utkrystalliserte kva som skulle formidlas ut frå prosjektet. På kva måte dei ynskjer det formidla og til kva målgrupper. Møtet blei avslutta med ein diskusjon om vidare framdrift for analyser og rapportering, publisering og formidling.

Samt eit par saker under eventuelt; økonomistatus i prosjektet og revisjonssaka knytt til Mår-Gøyst reguleringa.

I 2012 blei det ikkje halde fellesmøte for Langfjella prosjekta, då Setesdalsprosjektet blei formelt avslutta ved årsskiftet 2010/2011. Men eit nytt prosjekt i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er initiert, og eit interimstyre hadde møte i Bykle den 17.09.12. Eit samarbeid på tvers av desse prosjekta vil forhåpentleg koma på plass når det nye prosjektet er formelt oppretta og styringsgruppa er konstituert på komande møte den 29.januar 2013. Norsk Villreinsenter Sør vil òg få ansvaret for tilsvarande sekretariat for dette prosjektet.

Fagleg aktivitet

Overvakinga av reinens bruk av nærområda til Rv7 er ei delvis vidareføring av forskingsprosjektet som såg på effektane av Rv7. Dette prosjektet blei gjennomført av NINA i perioden 2001-2005. Data som samlast inn til denne overvakinga, brukas fortløpande i samband med vinterdrifta av Rv7 og regimet for midlertidig stenging av vegen, dersom dette skulle bli aktuelt med tanke på villreinen.

Overvakinga skjer gjennom tre deloppgåver:

- 1) Sporing og overvaking i felt av reinens bruk av nærområda til Rv7. Dette gjennomførast av Statens Naturoppsyn (SNO).
- 2) Radiomerking med GPS-halsbånd.
- 3) Dokumentasjon av brøytekantar. Målet med dette er å finne områder som er aktuelle for avbøtande tiltak.

(Strand 2012 upubl.).

Overvakinga som ei av hovudoppgåvene i prosjektet, og det er Vegvesenet som er oppdragsgjevar og bidragsytar inn til dette. Resten av prosjektaktiviteten er nedfelt i prosjektskildringa og initiert av styringsgruppa.

I 2012 er det arbeid med planforslag for Regional plan for Nordfjella. Data frå GPS-merkeprosjektet har vore eit stort bidrag inn i NINA Rapport 634, om villreinen i Nordfjella, som kom i 2011(Strand et al. 2011a). Rapporten kom parallelt med NVS` kartleggingsprosjekt for å framskaffe eit villreinfagleg kartgrunnlag til bruk i regionalplan prosessen. Denne rapporten og tilhøyrande kartgrunnlag utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag inn i planarbeidet (sjå www.regionalplan-nordfjella.no). Den 23.03.12 og 04.04.12 blei det gjennomført teljingar i Nordfjella, i regi av villreinutvalet der. Teljinga blei organisert i to soner med kvart sitt fly; eitt fly nord for Rv50 (sone 1), samt eitt sør for Rv50, nord for Rv7 (sone 2). Årsaka til dette var at ein ynskte å få eit oversyn over kor mange dyr som held seg i området rundt forvaltingsgrensa Hardangervidda-Nordfjella. Ein har hatt ein del posisjonar av nordfjelladyr i desse områda dei siste åra (mellom anna sør for Hardangerjøkulen). Vidare har ein dyr som har blitt merka på nordsida av Rv7 (som Hardangervidda dyr), som har bruka areal som administrativt ligg under både Hardangervidda og Nordfjella villreinområder. Av den grunn blei det i 2011 merka 3 simler på

Hardangervidda på nordsida av Rv7. I rapporten frå teljinga 23.03.12 vart det funne 1413 dyr i sone 1 og 162 i sone 2. Ved ny runde i sone 2 den 04.04.12 fann ein 875 dyr totalt, på både sider av Bergensbanen (sjå www.villrein.no under *Villreinområdene, Nordfjella, Tellingar* for meir informasjon).

Analyser som ein tidlegare har utarbeida på Hardangervidda, har utgjort det metodiske grunnlaget for tilsvarande analyser i andre område. Heilt nytt i år er at ein har køyrd eit pilotprosjekt på Hardangervidda og i Setesdal Austhei med kamera integrerte sendarar. Dette har vore eit samarbeid mellom NINA og Hardangerviddasenteret AS (nasjonalparksenter).

I samband med revisjonsarbeid på dam Sønstevatn, samlar NINA no inn intensive data frå GPS-sendarane når reinen er innafør ei viss sone rundt anleggsområdet. Dette er eit samarbeid med Agder Energi, som samstundes skal gjennomføre støymålingar ved visse punkt i det same området. Utgiftene tilknytt auka driftstid på sendarane vil bli kompensert av Agder Energi (Strand 2012 upubl.).

Det blei sommaren 2012 gjennomført ein stor sommarskule og work-shop på Evenstad, i samarbeid mellom Høgskolen i Hedmark og NINA. GPS-data frå villrein var sentralt materiale her og resultatane frå desse arbeida vil bli publisert i 2013. Meir om publikasjonar tilknytt GPS-merkeprosjekta på villrein generelt og for Hardangervidda/Nordfjella spesielt, under kapittelet Publikasjons- og formidlingsplan, samt *Vedlegg 1: Publikasjons- og formidlingsplan*.

Bemanning

Forskningsaktiviteten på villrein har auka betydeleg dei siste åra, og NINA gjennomfører no fleire parallelle prosjekt på villrein i Langfjella og på Dovrefjell. Denne situasjonen har gjort at ein har kunna utvida den vitenskaplege staben på prosjekta betydeleg. Utom den faste staben ved NINA i Trondheim (Per Jordhøy, Roy Andersen og Olav Strand) har NINA kunna engasjere 2 post doc stillingar det siste året (Manuela Panzacchi og Bram Van Moorter) samt ei ekstra forskarstilling i Trondheim (Erlend Nielsen). Utom denne staben som i det alt vesentlege jobbar med økologiske problemstillingar så er også Vegard Gundersen (NINA Lillehammer) kopla til arbeidet med ferdseleksregistreringar i heil stilling (Strand 2012 upubl.).

I tillegg til bemanninga knytt til forskningsaktiviteten i prosjekta, bidreg NVS med totalt nesten eitt årsverk i sekretariatsfunksjon for alle GPS-merkeprosjekta på villrein i hhv Langfjella og Dovre-regionen.

Radiomerking og datainnsamling i 2012

På Hardangervidda reknar ein med at ved ein bestand på 8 – 12 000 dyr vil få ein rimelig sikker dokumentasjon på stammens arealbruk med å ha mellom 10 og 20 GPS sendarar i drift. Pr 1.3.2012 var status 14 GPS-sendarar i drift på Hardangervidda. I løpet av vinteren er det montert sendarar på 11 simler til, slik at ein ved utgangen av april hadde 25 GPS-sendarar som leverte data. 3 av GPS-sendarane

som blei montert i 2012 hadde òg kamera integrert. Dette var eit samarbeidsprosjekt med Hardangerviddasenteret AS og kom i tillegg til den GPS-merkinga som skjer direkte under merkeprosjektets budsjett. Det var i utgangspunktet planlagt å GPS-merke totalt 6 dyr ved den siste ekstra merkerunden der dei tre kamerasendarane blei montert, men det blei bare 4 totalt på grunn av vanskelege sporingsforhold. Dette var òg årsaka til at det ikkje blei gjennomført noko merking i Nordfjella i 2012. Sidan ein starta med radiomerking i Nordfjella i 2007 er det totalt merka 21 simler med GPS/GSM sendarar, 3 av desse blei merka i 2011.

Minst 4 simler med GPS-sendarar blei skotne på Hardangervidda i løpet av jakta. Dei nye klavane som no blir påmontert har ei ekstra batteripakke som gjev lengre levetid. Den ekstra vekta dette utgjør i klaven er utlikna ved at der er gjort andre justeringar som reduserer vekta. Ut over GPS-merkinga er 7 VHF sendarar montert på Hardangervidda i 2012. Dette er finansiert av Hardangervidda Villreinutval.

Publikasjons- og formidlingsplan

Både NINA og NVS nyttar resultatane aktivt i formidling av villrein faglege tema generelt og ved trong for spesifikk kunnskap i enkelte område. Slik områdespesifikk kunnskap og problemstillingar er ofte etterspurt av både forvalting og brukarinteresser. Resultata frå merkeprosjekta brukast elles mykje i det generelle formidlingsarbeid hjå NVS, ved besøk, kurs, foredrag og liknande. For NVS tyder det at ein til ei kvar tid kan formidle det siste innan villrein forskning og dermed ivareta sin rolle som "villreinombud". NVS er bedne om å levere eit framlegg til formidlingsplan av resultatane frå prosjektet for styringsgruppa på fyrste styringsgruppemøte i 2013. Dette vil forhåpentleg bidra til at resultatane når breitt ut og at kunnskapen blir tilgjengeleggjort på ein god måte slik at aktuelle instansar kan ta kunnskapen aktivt i bruk.

Styringsgruppa har i 2012 fått ein utdjupa publikasjonsplan frå NINA. Denne viser kva publikasjonar dei utarbeider frå dei ulike FoU prosjekta på villrein. Den viser òg kva arbeid som er direkte knytt til Hardangervidda/Nordfjella prosjektet og kva som dekkjer fleire av villreinområda (Vedlegg 1). Planen blei sendt til styringsgruppa 09.10.12, som vedlegg til innkallinga til møtet 6. november der den blei gjennomgått. Tabell 2 er henta frå denne publikasjonsplanen og viser eit oversyn over arbeid og publikasjonar under arbeid som er tilknytt desse prosjekta. Oversynet viser at der er totalt 49 ulike arbeid som involverer data og tema frå Langfjella. Av desse er 14 arbeid spesifikt tilknytt Langfjella, medan 35 arbeid involverer data og tema både frå Langfjella og frå Dovre-Rondane. Sluttrapporten for GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella er tenkt lagt fram for godkjenning i styringsgruppa i april 2014. Innhaldet i og oppbygginga av denne er òg omtala i Vedlegg 1.

NVS RAPPORT 11/2013

Tabell 2: Oversikt over publiserte arbeider og publikasjoner som er under arbeid. For oversiktens del, og for å synliggjøre publikasjonenes prosjekt- og områdedetilhørighet har vi sortert publikasjonene etter regioner i tilfeller der data eller tema omhandler en spesifikk region eller et spesifikt område. Flestparten av publikasjonene inneholder imidlertid data fra mer enn ett villreinområde eller fra begge regioner eller er av en slik tematisk karakter at den er like relevant for samtlige områder, og er satt i en egen kolonne.

Type publikasjon	Langfjella	Dovre - Rondane	Begge regioner /generelt arbeid	Sum
Fagfelleverderte artikler	1	1	3	5
*Nr	1,	4,	2,3,5	
Fagfelleverderte artikler i revisjon		1	2	3
*Nr		7,	6,8	
Fagfelleverderte artikler in prep			9	9
*Nr			9,10,11,12,13,14,15,16,17	
Rapporter	4	4	6	14
*Nr	20, 24, 25, 28,	19, 26, 27, 29	18, 21, 22, 23, 30, 31	
Vitenskapelige foredrag	2	10	6	18
*Nr	39, 40, 41,	33, 34, 35, 38, 44, 48, 49	32, 36, 37, 42, 43, 45, 46, 47,	
PhD / mastergrader	2	7		9
*Nr	57, 58	50, 51, 52, 53, 54, 55, 56,		
Mastergrader under arbeid	1	3		4
*Nr	62	59, 60, 61		
Populærvitenskapelige artikler	3	3	9	15
*Nr	71, 75, 76	70, 73, 74,	63,64, 65, 66, 67, 68, 69, 72, 77	
Sum	14	30	35	77

*Refererer til løpenummer i vedlagte referanseliste

Økonomi

Økonomien i merkeprosjektet på Hardangervidda har bygd på årvisse bidrag frå Statens Vegvesen. Desse løyvingane er nok til å dekke merkebehovet og datainnsamlinga på Hardangervidda. Merkinga og datainnsamlinga i Nordfjella er derimot avhengig av annan ekstern finansiering. Det same er analyse- og rapporteringsarbeidet. Reint praktisk er det slik at utgifter direkte tilknytt forskingsarbeidet og utført av tilknytte forskarar (merkeutgifter, analysearbeid, feltarbeid osv, jf. tabell 3), blir fakturert prosjektet og NINA direkte. Noko av midlane som kom inn i 2012 er ikkje nytta og blir difor overført til 2013. Totalt var det per 31.12.12 disponibelt i 2013 kr 534 410,- (tabell 5).

Oversyn inntekter 2012

Tabell 3: Inntekter frå bidragsytarane i 2012: Innbetalinga frå SNO er løyvinga for 2011 som ikkje kom inn før på nyåret 2012. SNO gav i tillegg ei løyving på midlar for 2012 på kr 80 000,- i desember, som ikkje var kome inn i regnskapet ved utgangen av året.

Fakturert i 2011, overført til 2012	287 936
Statens Vegvesen	585 000
Statens Naturoppsyn	80 000
NVE	75 000
Ål kommune	50 000
Sum inntekt	1 077 936

Oversyn utgifter 2012

Tabell 4: Utgiftene er i hovudsak knytt til merking og datainnhenting. Sekretærenesta frå NVS er vederlagsfri og kostar ikkje noko for prosjektet.

Prosjektkostnader	
Driftskostnader:	
Jämtlandsflyg, merking	146 526
Villreinutvalet for Nordfjella	6 240
Trafikk gps-sendere	18 235
Reise- og møtekostnader Olav Strand, Roy Andersen og Bjørn Haugen	29 003
Sum driftskostnader:	200 004
Timekostnader	
Olav Strand - 210 timer	241 500
Roy Andersen – 111,5 timer	102 023
Sum timekostnader	343 523
Sum prosjektkostnader	543 527

Oppsummering:

Tabell 5: Midlane overført frå 2012 saman med estimerte inntekter for 2013. Det er per 31.12.12 bare løyvd midlar for 2013 frå Vegvesenet (kr 500.000,-). I tillegg kjem overføringa frå SNO for 2012 (kr 80.000,-) som ikkje hadde kome inn på prosjektets konto ved årsskiftet.

Overført frå 2012 (per 31.21.12)	534 410
Estimert inntekt i 2013	580 000
Totalt disponibelt i 2013	1 114 410
(Ut frå tal per 31.12.12)	

Prosjektaktivitet i 2013

Regional plan for Hardangervidda blei godkjent i tre Fylkesting i 2011. Så langt har arbeidet med Regional plan for Nordfjella bare omhandla planutkast. Men ein vil nok sjå meir til arbeidet og prosessen rundt denne planen ut over 2013.

Arbeidet med GPS-merking på Hardangervidda og overvakinga av Rv7 held fram, men 2013 blir seiste år i GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella, som FoU prosjekt. Form og innhald på rapporten frå prosjektet, samt korleis resultata skal bli formidla var tema på siste styringsgruppemøte i 2012. Det blei vedteke at ein skulle koma tilbake til desse tema på fyrste møte i 2013. Styringsgruppa ynskte at ein då skal gå gjennom eit framlegg til form på sluttrapporten. Sidan alle merkeprosjekta på villrein i Noreg i regi av NINA skal sluttrapporteras i 2013 (unntatt nytt prosjekt i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane), var det semje om at det vil vera ein fordel om rapporten får ei form der NINA formidlar dei generelle forskingsresultata for ulike problemstillingar, med døme frå dei respektive områda. Soleis vil dette prosjektet, ut over å svare på dei opphavlege problemstillingane, dra fordelar av at det no produseras fleire viktige og generelle arbeid på ulike problemstillingar som Hardangervidda/Nordfjella prosjektet delar med mange av dei andre villreinområda. Døme på dette er effekten av barrierer og tydinga av ferdsl. For å ivareta den meir spesifikke trongen av kunnskap for forvaltinga, kan ein tenke seg at dette illustreras med lokale og konkrete døme (Strand 2012 upubl.). Vidare ynskte styringsgruppa at NVS i same møtet skal presentere eit forslag til formidlingsplan for resultata frå prosjektet, basert på det gruppearbeidet som blei gjort på styringsgruppemøtet 6. november 2012.

Likt som tidlegare år, er det venta inn kr 500.000,- frå Statens Vegvesen. Dette saman med midlar som prosjektet tar med seg ifrå 2012, gjer at det er totalt kr 1.114.410,- disponibelt i prosjektet i 2013. Mesteparten av midlane frå Vegvesenet vil primært gå med til merking (sjå avsnitt nedst: *Merking vinteren 2012-2013*). I tillegg er det overført kr 80.000,- for 2012 frå SNO (til overvaking og

datainnsamling) rett før årsskiftet, som ikkje var komne under prosjektets konto til regnskapsavslutning 2012.

Det vert lagt opp til ca to møte i styringsgruppa i 2013, for orientering om analyser og resultat, formidling av resultat og arbeidet med sluttrapporten. Det fyrste møtet er tenkt 17. april. Det kan likevel vera at det vil bli eitt ekstra møte som fylgje av arbeidet med sluttrapport. I tillegg er det ynskjeleg å gjennomføre eit fellesmøte med nytt merkeprosjekt i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, så snart dette prosjektet er så godt i gang at status tilseier det.

Merking vinteren 2012-2013

Ved utgangen av april 2012 var det 25 GPS-sendarar i drift på Hardangervidda. Minst 4 av desse simlene blei skotne i løpet av jakta. Ein reknar òg med at batteria vil gå ut/har gått ut på ein del av dei eldste sendarane (4-6 stk), slik at ein forventar at det er 12- 16 sendarar aktive ved årsskifte. Ein bør difor ta sikte på å merke 5- 10 dyr komande vinter. Av desse vil 4 vera ei vidareføring av sendarar med kamera slik som i 2012, samt at ein reknar at Agder Energi må kompensere for 1-2 sendarar for redusert levetid som fylgje av intensivert datainnsamling ved Sønstevatn. For å ivareta overvakinga av reinens arealbruk i områda rundt Rv7, må det påreknas å seta på 4-6 sendarar, som vil gå direkte under merkeprosjektets budsjett. Det er likevel Vegvesenet som ber kostnadene med merkinga til dette føremålet.

I skrivande stund er det enno ikkje avklart om det blir merking i Nordfjella vinteren 2013, men dette arbeidast med hjå prosjektleinga.

Skinnarbu 16.01.13, Lena Romtveit.

Referansar

- Strand, O., Bevanger, K. & falldorf, T. 2005. Reinens bruk av Hardangervidda. Sluttrapport fra Rv7-prosjektet. NINA Rapport 131. 67 s.
- A: Strand, O., Jordhøy, P., Mossing, A., Knudsen, P. Aa., Nesse, L., Skjerdal, H., Panzacchi, M., Andersen, R. og Gundersen, V. 2011. Villreinen i Nordfjella- status og leveområde. NINA rapport 634. 77s + vedlegg.
- B: Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.
- Strand, O. 2012. Prosjektsammendrag pr. 10.11.2012. Status for arbeidet med overvåkning av Rv7 og GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella. 29 s inkl. vedlegg. Upubl.

Internett referansar:

- <http://www.regionalplan-nordfjella.no/default.aspx?MenuID=16767>
- <http://www.villrein.no/Portals/norskwillreinsenter/Pdf/PDF%20nemnd%20og%20utvalg/NordfjellaMinimumMars2012.pdf>
- <http://www.villrein.no/Portals/norskwillreinsenter/Pdf/PDF%20nemnd%20og%20utvalg/NordfjellaMinimumToApril2012.pdf>

ISSN: 1891-5329

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerking | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerking | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA